

Flykapring til fordel for jordbruket!

Rønnaug Kleiva har i år skrive si andre barnebok på Samlaget: «Kven sin dag er dette?»

Det er ei spanande fortelling og ein lystig fabel som handlar om ein 10-årig gut og bestefar hans. Dei pratar mykje saman. Dei legg planar. Dei tenkjer å gjennomføre ein vill plan!

Bestefar har nemleg alltid gjort si plikt, både som bonde og menneske. Alltid har han gjort det som blei venta av han, og alltid som best han kunne. Nå fyller han 70 år og skal bli feira som den heidersmann han er. Men sjølv har han ein heilt spesiell og hemeleg plan for fødselsdagen.

Han innvier guten i planen, og saman set dei han ut i livet. Endeleg får bestefar gjere noko som ikkje er lov. Og lovbrotet er sandedeg ikkje noko småtteri!

Dei kaprar eit fly.

Og her sluttar då forteljinga i streng barnebok-forstand, og her set fabelen inn:

Eg grip fast om revolveren i lomma og held stivt auge med flyarane, seier guten i boka. Bestefar vender seg mot setet der Mauseren ligg og pakkar fort ut våpnenet med vane arbeidsnevar.

Bestefar held Mauseren mot pilotane.

– Dette er ei kapring, seier han...

– Kva er krava? spør flygaren til venstre.


Dette har vi diskutert. Eg vert litt letta. Alt går etter planen...

Eg seier difor høgt: – Vi ønskjer at de skal kringkaste krava våre: Meir pengar til jordbruket.

– Få med grunngevinga, kjem det kjapt frå Bestefar.

– Det er på grunn av rekrutteringa til jordbruket og busetjinga på bygdene, seier eg effektivt.

Dette er ikkje tida for lange



Bestefar trugar gjennom krava sine! Teikningane i boka er av Alf-Kåre Berg.

utgreiingar.

– Dessutan krev vi kortare skuledag, seier bestefar. Meir fritid til borna.

*

«Kven sin dag er dette?» er ei lita bok i omfang, men med mykje næring til både tanke og fantasi. Det er difor ei viktig bok Rønnaug Kleiva har skrive, delvis ein fabel som både har eventyrets spaning og det overraskande poengets humor.

Kombinasjonen skrekk og smil kjenner vi att frå den Brechtske teatermodellen skapt for å få folk til å tenke politisk. Rønnaug Kleiva stiller i det minste eitt fundamentalt politisk spørsmål i si barnebok, som både barn og vaksne bør svare på i eit tid der vår framtid ligg i hendene på så få og dei mange er så makteslause. nemleg:

Dagen i dag, morgondagen – «Kven sin dag er dette?».

BYRÅS
P.B. 1180.

Politisk